

Sogn regionråd
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Lufthamner i Sogn og Fjordane

Som arbeidsgjevar er Fylkesmannen avhengig av eit godt flyplasstilbod i Sogn og Fjordane. Vi har tett kontakt med overordna departement og direktorat, og har omfattande kontakt og samarbeid med andre verksemder både nasjonalt og internasjonalt. Eit godt flyplasstilbod er og nødvendig for å rekruttere til kompetansestillingar hos oss, og for å sikre ei generell utvikling av arbeidsplassane.

Fylkesmannen har til saman 135 tilsette, fordelt med 122 tilsette på Leikanger og 23 tilsette på landbruksavdelinga i Førde. Sjølv om vi prioriterer videokonferansar for kortare møter, har vi stor reiseaktivitet til og frå lufthamnene. På grunn av kontorplasseringa vår gjeld dette spesielt frå Sogndal og Førde, men fleire av våre tilsette er vekependlarar og nyttar lufthamnene på Sandane eller i Florø. Fylkesmannen er arrangør av mange kurs og konferansar, og er avhengig av lufthamnene i heile fylket for å få tak i innleiarar og deltakarar som er avhengig av å komme raskt til og frå. Dei siste tolv månadane har vi arrangert ca. 79 kurs og konferansar, nokre av dei er nasjonale konferansar.

Ei berekning viser at vi har registrert omtrent 410 flyreiser hittil i år. Om vi framskriv talet for heile 2014, har vi omtrent 460 flyreiser totalt i år, der rundt 360 gjeld Sogndal, 50 Førde og resten Sandane og Florø.

Det er ingen tvil om at reiseavstandane til og frå fylket krev at vi treng nærleik til lufthamner og i framtida.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
Assisterande fylkesmann

Randi Bruheim
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: